



SURNADAL HEIMBYGDLAG

ÅRSMELDING FOR 2017

Styret:

Etter årsmøtet 27.februar 2017 har styret vore samansett slik:

Leiar: Trygve Roaldset (2017-18), Nestleiar: Svein Sæter (2016-18) Skrivar: Eivind Hasle (2016-18)

Kasserar: Arild Drøyvoldsmo (2017-19), Styremedlem: Olav Bergheim (2017-19)

Varamedlemmar: Sverre Hatle, Kjellaug Brørs (2017-18)

Revisorar: Reidun Halle, Kristen Halle (2017-18)

Andre tillitsverv:

Ansvarleg for boksal: Trygve Roaldset og Sverre Hatle

Revisorar: Reidun Halle og Kristen Halle (eitt år)

Valnemnd: Møyfrid Torvik Røkkum (1 år), Ola Halle (2 år), Marit Lesund (3 år)

Utendingar til årsmøtet i Nordmøre Mållag i Aure 4.mars: Trygve Roaldset, Eivind Hasle (Sverre Hatle møtte for fylkesstyret)

Medlemstal: 47 medlemmer har betalt i 2017, mot 43 året før. (info frå NM januar 2018).

Møte:

Årsmøte var på Vårsøg Hotell 27.februar 2017, med 16 frammøtte.

Sverre Hatle mintest 5 medlemmar som hadde gått bort siste året, og Eivind Hasle minte om at det er 100 år sidan rettskrivingsreforma av 1917. (jf artikkel i Dag og Tid 17/3 og Du mitt Nordmøre 2017)

Vanlege årsmøtesaker. Bordsete.

Svein Sæter fortalde etterpå og viste lysbilde om «Kongen av Spitsbergen», Einar Sverdrup, som han har skrive bok om.

Arbeid i laget

Styret har hatt 7 styremøte i 2017, i Skeivegen 3. Dei viktigaste sakene :

a) kontakt med barnehagane og skolane i Surnadal. Hatle og Hasle har deltatt på informasjonsmøte 7/9 med Ungdomsskolen. Skolane har fått tilbod om «Brotne Band».

b) Styret har skaffa seg rulleplakatar til laget. Dei vart nytta til marknadsføring under Vårsøghelga 2017.

b) Støtte er gitt til relevant kulturarbeid: «Gullfeberdrama», «Surnadal Målungdom», «Tante Borg», «Markaslåttfilm», «Pappapop».

c) Styret har arrangert Kulturkveld («Kultursjå») 16/11, med variert program og godt frammøte (50-60), og utdeling av Målpris for 2017, til fotograf Nathan W.Lediard.

d) Styret har vore representert på Trønderlaget sitt haustseminar i Trondheim 22-23/9 (v/EH), og på seminaret til Nordmøre Mållag, på Tingvoll 25/11 (v/TR og EH).

«Du mitt Nordmøre»: Også i 2017 var svært mange av bidraga frå Surnadal eller skrivne av surndalingar. Reisesekretær Ingar Arnøy gav 25/11 ros for svært høgt nivå på årboka.

Eivind Hasle (skrivar)